

PLANSTRATEGI FOR
OSTERØY KOMMUNE
2021 - 2024



Kommunal planstrategi for Osterøy kommune 2021 – 2024.

Dato: 20. mai 2020. Revidert: 16.11.2020

Forord

Denne planstrategien er for valperioden 2020 – 2024. Planstrategien byggjer i stor grad på planstrategien for førre valperiode, både ved at dei same satsingsområda er ført vidare og av di planstatus ikkje har endra seg vesentleg frå førre perioden. Kommuneplanens samfunnsdel for 2019 - 2030 vil såleis bli vedteken i 2020, men har hatt medverknadsprosessen i førre valperiode. Det er óg ei rekkje planar omtalt i førre planstrategi som av ulike årsaker ikkje er komne i gang eller vedtekne. Desse er ført med over i denne planstrategien. Osterøy kommune står ovanfor mange av dei same utfordringane små og mellomstore kommunar i dag står ovanfor. Dette er som regel utfordringar knytt til folketalsutvikling, næringsutvikling, samferdsel, folkehelse, samt miljø og klimatilpassing.

Kommunen vil møte utfordringar knytt til viktige samfunnsområde som miljø og klima, folketalsutvikling, næringsutvikling og arbeidsplassar. *Kommunens økonomiske situasjon* set klåre rammer for ambisjonsnivå og samfunnsutvikling, noko som vil prege samtlege sektorar og kommunale planar dei komande åra. Den økonomiske situasjonen for Osterøy kommune utgjør, som omtalt ovanfor, ein viktig premis for planlegginga i denne valperioden. Samstundes vil det vere slik at den kommunale økonomien også utgjør ein utfordring som kommuneplanen må kome i møte. Planstrategien for denne valperioden har funne grunn til å leggje vekt på utfordringar knytt til folketal og busetnad (demografi), miljø og klimatilpassing, attraktivitet og trivsel. Planstrategien må leggje opp til at kommuneplanen tar opp i seg desse utfordringane og finn fram til dei rette tiltaka for å handtere dei på best mogleg måte.

Osterøy kommune har ambisjon om å oppretthalde eit planverk som evnar å sikre samfunnet velferd, næringsutvikling, arbeidsplassar og gode lokalsamfunn for framtida. Fire av dei fem fokusområda frå planstrategien for perioden 2016 – 2020 er ført vidare i denne planstrategien. Dette skuldast at planstrategien for 2016 - 2020 ligg til grunn for kommuneplanens samfunnsdel som etter planen skulle opp til politisk handsaming våren 2020. Heradsstyret hadde likevel arbeidsverkstad på samfunnsdelen på møte 3. juni der ein arbeide med konkretisering av overordna målsettingar. Arbeidet med samfunnsdelen vart utsett til over sommarferien grunna Koronautbrotet. Pandemien tok mykje av tida til både administrasjon og folkevalde hausten 2020 med den følgje at samfunnsplanen ikkje vert lagt ut til politisk handsaming før i januar 2021.

Det femte fokusområdet, *berekraftig utvikling*, er løfta fram til å utgjere ein overordna og sektorovergripande premis for vidare utvikling av Osterøy kommune. Dette inneber at samtlege sektorar i kommunen skal ha eit berekraftperspektiv i all sektorplanlegging og aktivitet. Eit nytt fokusområde er lagt til; *samskaping*. Dette er det 17. berekraftsmålet i FN sine berekraftsmål som norske kommunar etter beste evne skal forsøke å implementere.

Osterøy kommune er ein av seks deltakarkommunar i KS-prosjektet «*Samfunnsdelen som lokalpolitisk styringsverktøy*». Målet med prosjektet er at dei folkevalde gjennom å arbeide med samfunnsdelen i kommuneplanen kan leggje grunnlaget for betre politikk og resultat. I dette ligg mellom anna at kommuneplanen skal bli eit verktøy for politisk styring, og det krev at det nye kommunestyret må vedta samfunnsdelen tidleg i valperioden. Planen skal då reflektere det nye kommunestyret sin politikk. Føremålet er å gjere planprosessar enklare og kortare. Ein skal søkje etter nye måtar å involvere og samhandle med innbyggjarane, og tilhøvet mellom medverknad og det representative demokratiet vert drøfta.

Innhald

Forord.....	2
Innleiing.....	5
Føremål.....	5
Kommunen sin økonomiske situasjon.....	5
Juridisk verknad.....	5
Omfang.....	5
Prosess og organisering.....	6
Premissar for samfunnsutviklinga i Osterøy i komande valperiode.....	6
Nasjonale forventningar.....	7
Berekraftig samfunnsutvikling.....	8
Fem fokusområde.....	9
Utviklingstrekk.....	11
Demografiske utviklingstrekk.....	11
Næringsverksemd og arbeidsplassar.....	14
Folkehelse og velferd.....	16
Utbyggingsbehov.....	18
Utfordringar.....	20
Status for planarbeid frå førre planstrategiperiode per mars 2020.....	22
Nye planar.....	26
Innspelsrunde etter politisk handsaming i heradsstyret.....	27
Prioriterte planoppgåver 2021-2024.....	28

Tabelliste

Tabell 1 Folketilvekst Osterøy 2015 – 2018.....	12
Tabell 2 Folketalsframskrivingar i ulike variantar.....	13
Tabell 3 Oppdatert status for planar omtalt i Planstrategi 2016-2020.....	23
Tabell 4 Planar tekne i planstrategien etter høyring.....	27
Tabell 5 Prioriterte kommuneplanoppgåver for perioden 2020 – 2024.....	28
Tabell 6 Prioriterte temaplanar for perioden 2021-2024.....	29
Tabell 7 Prioriterte verksemds-/driftsplanar og strategiar.....	30

Figurliste

Figur 1 Skjematisk oversikt over samanhengar i planstrategien.....	10
Figur 2 Folketalsutvikling i Osterøy 2000 - 2020.....	12
Figur 3 Demografiske kjernefaktorar for Osterøy 2015 – 2018. Samanstilt.....	13
Figur 4 Næringsstruktur Osterøy 2010, 2015 og 2020.....	15
Figur 5 Del ungdomsskuleelevar som er nøgde med lokalmiljøet.....	17

Innleiing

Føremål

I følgje PBL §10-1 skal kommunestyret minst ein gang i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter kontinuering, utarbeide og vedta kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, mellom anna langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektoren si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden. Det står vidare at kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi hente inn synspunkt frå statlege og regionale organ, og nabokommunar.

Planstrategi er ikkje ein plantype, men eit hjelpemiddel for klargjere kva for planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for positiv utvikling. Planstrategien skal peika på utfordringar som skal løysast gjennom revidering av eksisterande planar eller utarbeiding av nye i inneverande heradsstyreperiode. Planstrategien vil og kunne gje grunnlag for å vurdere om einskilde planar skal opphevast. Han bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knyt til samfunnsutvikling, herunder langsiktig bruk av areal, miljøutfordringar og sektorane si verksemd.

Ved handsaming skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast, eller om plan skal først vidare utan endringar. Utarbeiding og handsaming av kommunal planstrategi kan bli slått saman med og vere del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen.

Kommunen sin økonomiske situasjon

Kommunen er i ein situasjon der driftsutgiftene er høgare enn disponible inntektene. Dette er ikkje berekraftig over tid. Kommunen har (med utgangspunkt i 2018 tal) 3,4 % høgare utgiftsbehov enn landsnittet. I utgangspunktet vert vi kompensert for dette gjennom inntektssystemet, men grunna trekk for elevar i private skular kjem vi ut med inntekter om lag 16 mill. under landsnittet. For å gjere økonomien berekraftig over tid må vi syte for at vi driv med eit positivt netto driftsresultat. Dette krev strukturelle grep og nye måtar å drive tenestene på.

Juridisk verknad

Kommunen kan revidere planstrategien i løpet av perioden etter behov. Planstrategien er ikkje formelt bindande for kommunen, og kan fråvikast dersom det vert vurdert naudsynt. Det er ikkje krav til same høyring og offentleg ettersyn som planar utarbeida etter plan- og bygningslova. Ein har plikt til å innhente synspunkt frå statlege, regionale organ og nabokommunar. Forslag til planstrategi skal offentleggjerast minimum 30 dagar før endeleg handsaming i heradsstyret. Planstrategien vert vedteken av heradsstyret og kan ikkje verta klaga på eller fremjast motsegn til.

Omfang

Innhaldet og omfanget av arbeidet er det i stor grad opp til den enkelte kommune å avgjere ut frå konkret plansituasjon og planbehov. For Osterøy kommune har ein i starten av arbeidet gjennomført ei kartlegging av gjeldande planverk og strategiar i kommunen, oppdatert informasjon om planarbeid i høve gjeldande planstrategi, og gjennomført ei kartlegging og kunnskapsinnhenting i høve til status og utfordringar i kommunesamfunnet. Den innhenta informasjonen dannar grunnlaget for framlegg til kommunal planstrategi.

Prosess og organisering

Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet. Prosjektleiing ligg til planavdelinga. Innhenta informasjon og kunnskap om utfordringar og behov er innarbeida i planstrategien og ligg til grunn for vurderingar og prioriteringar. Planstrategien er sendt på høyring til sektorane i kommunen og innspel frå desse med omsyn til planbehov er bakte inn i dokumentet. Det har vore gjennomført eit politisk verkstad om planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel med gjennomgang og drøfting av utviklingstrekk og dei lange linene. Det har også vore gjennomført ein administrativ verkstad med fokus på korleis kople samfunnsdelen med økonomiplanen. Dette har vore eit viktig punkt sidan Osterøy kommune er ein av seks kommunar som tek del i KS-prosjektet «Samfunnsdelen som lokalpolitisk styringsverktøy» der denne koplinga inngår som eit viktig element. Dette FoU-prosjektet er nærare omtalt under.

Det er heradsstyret som skal vurdere om revisjon av kommuneplan er naudsynt, og om det er naudsynt med nye arealplanar i valperioden. Heradsstyret skal vedta planstrategien.

Premissar for samfunnsutviklinga i Osterøy i komande valperiode

Kommunal planlegging skjer ikkje uavhengig av tilhøve utanfor kommunen, det være seg tilhøve knytt til politikk, økonomi eller miljø og klima. Nasjonal politikk og nasjonale prioriteringar legg føringar for kommunane sitt handlingsrom og for kommunale planprioriteringar, den globale økonomien påverkar t.d. eksportnæringar og besøksnæringar, og internasjonale klimaavtalar gir nasjonale føringar som i sin tur gir føringar kommunane sitt handlingsrom. Den kommunale økonomien gir også sterke føringar på det kommunale utviklingsarbeidet og tenestetilbodet i kommunane. Osterøy kommunane har lagt nasjonale planforventningar, FN sine 17 berekraftsmål saman med eit folkehelseperspektiv som premissar for samfunnsutviklinga i komande valperiode. Samstundes vil sjølvstyre og kommunens egen økonomiske situasjon sette grenser for handlingsrommet. Det betyr at nasjonale planføringar, berekraftig utvikling og kommunale økonomiske prioriteringar set rammene for arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og annan kommunal planlegging, for ambisjonsnivået i planlegginga og for kva som vil vere mogleg å realisere i perioden. Korleis den pågåande Korona-epidemien vil slå ut for kommunen som utviklingsaktør og som tenestetilbydar, er for tidleg å seie noko sikkert om.

Nasjonale forventningar



Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 peikar på at *samfunnsutviklarrolla* til kommunane skal styrkjast. Det inneber å gi ei tydeleg strategisk retning til samfunnsutviklinga ut frå regionale og lokale forhold, å mobilisere ulike aktørar og å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk. Regional og kommunal planlegging er sentrale verktøy for å utøve denne rolla. Samtidig vert det streka under at regjeringa ønskjer å styrke det lokale sjølvstyret i planlegginga. Det betyr at kommunane (og fylkeskommunane) får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser.

Forventningsdokumentet peikar også på at ein overordna *arealstrategi* i samfunnsdelen til kommuneplanen kan gjere arealplanane betre tilpassa behova og utfordringane til

samfunnet. Arealstrategien kan medverke til heilskapleg avveging mellom nasjonal, regional og kommunal arealpolitikk. Føremålet med arealstrategien er å gje langsiktig retning til areal- og ressursforvaltninga til kommunen. Det er viktig for å samordne bustad-, areal- og transportplanlegginga, fremje næringsutvikling, redusere klimagassutsleppa, tilpasse samfunnet til klimaendringane, skape sosialt berekraftige samfunn og redusere nedbygging av dyrka mark og natur

Kulepunkta under viser dei mest relevante forventningane til den kommunale planlegginga.

- Fylkeskommunane og kommunane legg FNs berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga
- Regionale planar og samfunnsdelen i kommuneplanen skal brukast for å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga og for å gjere planlegginga meir føreseieleg. Planane skal følgjast opp i økonomiplanlegginga
- Fylkeskommunane og kommunane legg vekt på kostnadseffektivitet for private og offentlege aktørar på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå i planlegginga
- Kommunane nyttar dei verkemidla som plan- og bygningslova har for å effektivisere og forenkle planlegginga. Kommunane tilpassar detaljgraden i planar og utgreiingar til behovet
- Kommunane bidreg til å sikre effektiv og rask behandling av private reguleringsplanforslag og til god plankvalitet ved å gi tidlege, tydelege og relevante krav til utgreiingar og dokumentasjon
- Det skal berre fremjast motsegn når det er nødvendig for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser, der tidleg dialog og interesseavveging ikkje har ført fram
- Kommunane legg vekt på den private eigedomsretten i planlegginga
- Fylkeskommunane og kommunane tek i bruk digitale dialogløysingar og legg til rette for enkel tilgang til plandata i digitalt planregister og til temadata i det offentlege kartgrunnlaget
- Kommunane tek i bruk digitale verktøy basert på eByggesak-standarden, for å sikre ei meir effektiv og fulldigital saksbehandling av byggjesøknader
- Kommunane utarbeider arealstrategiar som del av samfunnsdelen til kommuneplanen, og legg desse til grunn ved revisjon av arealdelen til kommuneplanen
- Kommunane prioriterer arbeidet med planstrategi for å sikre at planane er oppdaterte og møter framtidshovuda, også i samband med kommunesamanslåingar
- Fylkeskommunane og kommunane bruker planlegginga til å sjå oppgåver som dei får tilført gjennom kommune- og regionreforma i samanheng med andre samfunnsoppgåver

Berekraftig samfunnsutvikling

Kommunen skal arbeide for ei berekraftig samfunnsutvikling som tek inn over seg FN sine 17 berekraftsmål. I dette ligg mellom anna å sørge for gode levekår og god trivsel for kommunens sine innbyggjarar, arbeide for livskraftige lokalsamfunn, sørge for gode oppvekstvilkår for barn og unge, samt ei berekraftig næringsutvikling. Det er viktig for kommunane å ha ein berekraftig og sunn demografisk utvikling. Det er viktig med tanke på velferd og trivsel, økonomi og offentlege tenester, arbeidsplassar og verdiskaping. Kommuneplanens samfunnsdel skal legge til rette for ei utvikling som byggjer opp omkring tiltak som legg til rette for ei positiv og sunn demografisk utvikling i kommunen innanfor dei rammene og verkemidla kommunen rår over. Det er viktig at alle sektorar tek del i dette arbeidet.



Berekraftig utvikling femner om sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Noreg har slutta seg til dei 17 *berekraftsmåla* til FN. Dette er globale mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Måla er sett på som verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og for å stoppe klimaendringane innan 2030. Dei 17 berekraftsmåla gir ei overordna ramme for all samfunnsutvikling og kommunal aktivitet i Osterøy kommune komande planperiode. Kommunen må arbeide for at dei 17 berekraftsmåla blir lagt til grunn for Osterøy kommune sin utviklingsmål.

Folkehelse må også utgjere ein viktig sektorovergripande og overordna premiss for arbeidet med kommuneplanen – og ikkje minst verksemda til sektorane. Eit folkehelseperspektiv handlar om velferd i vid forstand; med andre ord om trivsel, trygge oppvekstmiljø, gode lokalsamfunn, tilhøve til naturen og førebygging av sjukdomar og dårleg helse – og meir til. Dette perspektivet må leggjast til grunn for arbeidet i alle sektorar i kommunen. Noreg sine forpliktingar, og oppfølging av FNs berekraftsmål, har konsekvensar for folkehelsearbeidet både lokalt, regionalt og nasjonalt. Den tverrsektorielle tilnærminga i folkehelsepolitikken vår inneber at dei fleste av måla er relevante for innbyggjarane sine levekår og livskvalitet¹.

¹ Avsnittet om folkehelse er henta frå dokumentet «Vestland. Folkehelseoversikt 2019-2023», Vestland fylkeskommune.

Fem fokusområde


Osterøy kommune står ovanfor utfordringar kommunen gjennom god og målretta samfunnsplanlegging skal freiste å kome i møte på ein god måte. Utfordringane heng saman. Kommuneplanens samfunnsdel har som ei viktig oppgåve å freiste å setje mål, velje strategiar og kome med realistiske tiltak for å overvinne utfordringane. Ein har valt å konsentrere innsatsen gjennom å velje ut fem fokusområde for den inneverande valperioden. Fokusområda er valde ut på bakgrunn av viktige utfordringar Osterøysamfunnet i dag står ovanfor. Desse utfordringane er omtalt under «Utviklingstrekk» og «Utfordringar» under. På same måte som utfordringane kommunen står ovanfor heng saman, vil dei fem fokusområda óg henge saman gjennom at dei på kva sin måte handlar om å skape eit godt og levedyktig Osterøy-samfunn innanfor rammene av ein berekraftig utvikling.

Dei viktigaste fokusområda for samfunnsutvikling i kommunen kan summerast opp i 5 likestilte punkt:

1. Demografi
2. Velferd
3. Næringsutvikling og arbeidsplassar (tidlegare «verdiskaping»)
4. Attraktive lokalsamfunn
5. Samskaping

Planstrategien for 2020-2024 er ein vidareføring av førre planstrategi, men med sterkare vekt på berekraftig utvikling og folkehelse som premissleverandørar for sektorane. Ein vil som ei følge av dette ta *samskaping* inn som eit nytt fokusområde. Samskaping utgjer ei lokal tilpassing til FN sitt 17. berekraftsmål som tek sikte på å styrke den lokale partnerskapen mellom lokale offentlege styresmakter (kommunen), næringsliv og friviljuge lag og organisasjonar (sivilsamfunnet) i arbeidet for ein berekraftig utvikling. Gjennom samskaping skal ein auke den lokale kapasiteten til å arbeide for ei berekraftig utvikling. Samskaping handlar om samarbeid og partnerskap på tvers i kommunen i arbeidet for ein berekraftig utvikling i Osterøy. I dette ligg at det ikkje berre er det offentlege (kommunen) som utgjer ein lokal utviklingsaktør, men også næringsliv og sivilsamfunn.

Dei fem fokusområda, saman med FN sine 17 berekraftsmål og folkehelseperspektivet, legg føringar for kommunen si utvikling på alle felt. Samstundes vil utfordringane vi står ovanfor med omsyn til klima, krevje auka medvit på klimatilpassing, saman med reduksjon av klimagassutslepp og auka miljøvenleg energiomlegging. Dette må Osterøy kommune ta inn over seg i all planlegging og all aktivitet framover. Dette er i samsvar med «Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing». Her heiter vidare at den kommunale planlegginga skal medverke til at samfunnet vert førebudd på og kan tilpassast klimaendringane. Planstrategien for 2020-2024 legg av den grunn opp til at klimatilpassing vert lagt til som ein viktig premiss for planarbeidet vidare, men vert ikkje føreslått som eit eige fokusområde for denne planperioden.



Figur 1 Skjematisk oversikt over samanhengar i planstrategien

Utviklingstrekk

Demografiske utviklingstrekk

Kort fortalt

- Per 1.1.2020 var det 8098 registrerte innbyggjarar i kommunen
- Osterøy har hatt positiv folketalsutvikling frå 2000 til 2018
- I perioden frå 2005 til 2019 opplevde Osterøy ein folketilvekst på 12,7 prosent, det er lågare enn tilveksten i Hordaland i same periode
- Aldersgruppa over 65 år hadde ein vekst på 31,7 prosent, medan aldersgruppa under 20 år hadde ein tilbakegang på 2,4 prosent.
- Den yrkesaktive aldersgruppa mellom 20 og 24 år hadde ein vekst på 15,4 prosent².
- Folketalsprognosar per i dag viser ein svak vekst i folketalet i Osterøy fram mot 2040.
- Både tilflytting og fødselsoverskotet er venta å bli mindre enn tidlegare framskrivingar viste
- Folketilveksten er ujamt fordelt mellom aldersgrupper og mellom kjønna. Det blir fleire eldre, færre kvinner i høve til menn, færre i arbeidsfør alder, færre unge vaksne, og på sikt færre barn i skulepliktig alder. Det er likevel verdt å merkje seg at aldersgruppa under 20 år framleis utgjer ein større del av det samla folketalet i Osterøy enn landsgjennomsnittet.

Osterøy kommune har hatt vekst i folketalet sidan 1980-talet og fram til 2018, men det er særleg frå 2000 til 2018 at folketilveksten har vore stor. Osterøy hadde fram til 2007 netto utflytting, men folketilveksten vart redda av høgt (men synkande) fødselsoverskot. Frå 2007 til 2012 var det høvesvis stor tilflytting til kommunen, for det meste i form av arbeidsinnvandring og flyktningar. Dette vart fylgt av auka fødselsoverskot, som saman med tilflytting gav eit godt tilskot til folketilveksten i perioden fram mot 2018. Frå 2018 har folketilveksten igjen byrja synke. Fleire eldre, færre unge og mindre tilflytting er den demografiske situasjonen som vil prege Osterøy framover med utgangspunkt i dagens situasjon.

Den reduserte folketilveksten vi no ser konturane av har fleire årsaker. Ein årsak er at talet på innvandrarak til landet har blitt redusert sidan 2015, noko som råkar samtlege kommunar i landet. Ein annan årsak er at fødselsoverskotet i Osterøy, som tradisjonelt har vore høgt i høve til andre kommunar i fylket og landet, har gått ned dei seinare åra. Dette kan ha fleire årsaker, mellom anna at det er færre kvinner i såkalla reproduktiv alder, og at tendens til å utsetje fødslar no har nådd Osterøy. Konsensen av lågare tilflytting og lågare fødselsoverskot er lågare folketilvekst, noko som er lite gunstig med tanke på utvikling av livskraftige samfunn. Dette blir nærare utdjupa under.


Færre tilflyttarak og færre fødslar

Nettoinnflytting og fødselsoverskot heng saman slik at stor nettoinnflytting eitt år gjerne gir høgt fødselsoverskot nokre år seinare, eller at negativ netto innflytting eitt år gir lågt fødselsoverskot nokre år seinare. Tilflyttinga til Osterøy har vore prega av slike toppar og botnar. Nettoinnflyttinga har vist ein negativ tendens sidan 2012 og var på minus 32 i 2018. Fødselsoverskotet har gått opp og ned i perioden 2005 – 2018; det var lågt mellom 2005 og 2011 (men med to toppar i 2007 og 2009), det auka kraftig i 2015 og 2016 for så å gå ned att. I 2010 og 2011 var det negativt fødselsoverskot. Folketilveksten i perioden 2005 til 2019 har som ein følgje vore som ein berg og dalbane, og med

² Kjelde: SSB 2020. Tabell 07459: Befolkning, etter region, alder, statistikkvariabel og år

minustal i 2018. Folketalsutviklinga i ein kommune blir styrt av tilhøvet mellom fødselsoverskot (tal fødte minus tal døde) og nettoinnflytting (tal tilflytting minus tal utflytting).

Lågt fødselsoverskot er på sikt lite gunstig med tanke på folketilvekst og eit levedyktig samfunn, noko som blir ytterlegare forsterka gjennom liten – eller i beste fall svært varierende – tilflytting til kommunen. Lågare tilflytting heng dels saman med generelt lågare nettotilflytting frå utlandet (både arbeidsinnvandring og flyktningar), men også mindre innanlandsk tilflytting. Kommuneplanens samfunnsdel må reflektere dette og setje inn tiltak der kommunen har makt til å påverke situasjonen.



Figur 2 Folketalsutvikling i Osterøy 2000 - 2020. Kjelde: SSB


Tabell 1 viser fødselsoverskot, nettoinnflytting og folketilvekst i Osterøy kommune 2005 – 2018 jamført med kommunar med tilnærma same folketal (Kvam og Meland) eller som er nabokommunar.

Tabell 1 Folketilvekst Osterøy 2015 – 2018. Kjelde: SSB 2019

	Fødselsoverskot				Nettoinnflytting				Folketilvekst			
	2015	2016	2017	2018	2015	2016	2017	2018	2015	2016	2017	2018
Kvam	-10	8	-23	-2	-55	-60	55	-12	-64	-52	32	-14
Osterøy	41	52	42	27	74	19	57	-32	115	69	99	-5
Meland	60	94	52	66	17	117	6	42	76	209	58	108
Lindås	86	55	76	45	121	65	-17	-22	205	123	58	23

Osterøy har ein betre demografisk situasjon enn Kvam (og andre Hardangerkommunar), men ligg dårlegare an enn gamle Meland kommune og om lag på nivå med gamle Lindås kommune. Typisk for samtlige kommunar er at desse tala svingar frå år til år. Det er interessant at Meland i 2018 hadde ein folketilvekst på 108 personar, medan Osterøy hadde negativ tilvekst. Ein del av forklaringa ligg truleg i at Meland gjennomgåande har hatt høgt fødselsoverskot i perioden og noko større innflytting enn Osterøy (Meland er meir attraktiv som bustadkommune enn Osterøy).

KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR OSTERØY KOMMUNE 2021 – 2024



Figur 3 Demografiske kjernefaktorar for Osterøy 2015 – 2018. Samanstilt. Kjelde: SSB

Fødselsoverskotet har blitt redusert sidan 2016 og var i 2018 (det siste året vi pt har opplysningar om) på 27 personar. Til samanlikning hadde Meland eit fødselsoverskot på 66 personar. Osterøy ligg likevel godt over til dømes Kvam som har hatt fødselsunderskot i lengre tid, også i 2018.

Liten folketilvekst framover

Ser ein framover mot 2035 og 2040 viser framskrivingstal frå SSB, Vestland fylkeskommune og Norconsult at folketilveksten vil bli høvesvis liten, gitt dei føresetnader som i dag gjev føringar for utviklinga. Det er verdt å merke seg at samtlige anslag viser for høge tal for 2020 enn kva fasiten per 4. kvartal 2019 fortel (8 098 innbyggjarar), og er såleis for høge også for 2040 gitt dagens situasjon. Norconsult sine prognosar utgjør truleg dei mest realistiske med utgangspunkt i dagens situasjon.

Tabell 2 Folketalsframskrivingar i ulike variantar

	2020 ⁴	2025	2030	2035	2040
SSB Hovudalternativet (MMMM)	8 277	8 672	9 065	9 374	9 629
SSB Låg nettoinnvandring (MMML)	8 272	8 638	8 992	9 255	9 461
VFK Hovudtal¹	8 188	8 519	8 830	9 102	9 326
Norconsult 2019²	8 130	8 394	8 752	9 018 ³	-

¹) Vestland fylke sine folketalsframskrivingar for 2019-2045

²) Prognoserapport Osterøy kommune desember 2019

³) Gjeld år 2034 sidan framskrivinga ikkje går fram til 2035

⁴) Tala er for høge; rett folketal 4.kv.2019 er 8 098.

Fødselsoverskotet i kommunen vil bli vesentleg redusert fram mot 2045, dersom det ikkje vert massiv tilflytting av husstandar som anten har barn eller vil få barn. Tendensen med synkende fødselstal gjeld óg for Noreg sett under eitt. Folkesetnaden framover vil uansett ha ein høvesvis stor del eldre innbyggjarar. Aldersfordelinga i kommunen framover vil også vere lite gunstig med ein større del eldre og ei lågare del i reproduktiv og arbeidsfør alder. Ein stor del eldre og ein liten del i reproduktiv alder er lite gunstig med tanke på ein demografisk berekraftig utvikling på sikt.

Næringsverksemd og arbeidsplassar

Kort fortalt

- Rundt 37 prosent av arbeidsstokken arbeidspendlar ut av kommunen og kommunen har stor negativ pendlingsbalanse
- Ved utgangen av 2019 var det 2,1 prosent registrerte arbeidsledige i kommunen
- Del sysselsatte per 4.kv. 2019: Menn 71,5 prosent, kvinner 64,5 prosent. Dette er over snittet for Hordaland for menn, og litt under for kvinner
- I 2019 var flest sysselsette innan sekundærnæringar (35 %) og tertiærnæringar (27 %), fylgt av helse- og sosialtenester (20 %). Det er berre 3 prosent av arbeidsstokken som er sysselsett innan primærnæringsyrke
- Kommunen har mange små og mellomstore verksemdar
- Kommunen har få arbeidsplassar for arbeidstakarar med høgare utdanning
- Kommunen er kjent for gründerånd og eit aktivt og framoverlent næringsliv

Med unntak av bibliotek som er eit prioritert satsingsområde, har Osterøy kommune i liten grad prioritert ressursar til kulturarbeid og nyttar vesentleg mindre på dette enn nabokommunane. Reise- og kulturlivsnæringane er lite til stades i Osterøy kommune.

Mange små verksemdar

Næringsstrukturen i Osterøy er prega av mange små og mellomstore private verksemdar knytt til primærnæringar (inkl.bruk og oppdrettsanlegg), bygg og anlegg, verkstadindustri, transport, samt varehandel. Det er klart flest verksemdar knytt til primærnæringane og til bygg- og anlegg. Dei fleste av desse er einskildmannsføretak. Verksemdar knytt til omsetning og drift av fast eigedom, og transport og lagring utgjer også ein høvesvis stor del av verksemdene i kommunen, men desse har hatt ein tilbakegang frå 2010 og fram til 2020. Det har óg i perioden 2010 til 2019 vore ein markant auke i talet på verksemdar innan bygg og anlegg, men det har óg vore vekst innan mellom annan varehandel og industri. Størst attendegang har det vore innan omsetning og drift av fast eigedom, og innan transport og lagring. Dei fleste verksemdene har ingen tilsette (einskildføretak) eller har under 10 tilsette. Det er berre ei industriverksemd som har over 100 tilsette³.

Det har vore ein liten vekst i tal industriverksemdar i perioden, og det er fleire verksemdar knytt til helse- og sosialtenester registrert i 2020 enn i 2010.

Svak vekst i tal arbeidsplassar


Talet på arbeidsplassar i Osterøy frå 2000 fram til i dag har vist ein svak vekst. Samla vekst frå 2000 til 2014 var på 10,3 prosent, og veksten frå 2015 til 2019 var på 5,3 prosent. Dette er ein langt svakare vekst jamført med veksten i Hordaland og i resten av landet. Offentleg sektor har hatt noko større vekst enn privat sektor sidan 2015.

Sidan talet på arbeidsplassar i kommunen er lågare enn talet på arbeidskraft i kommunen, har Osterøy netto utpendling til Bergen og andre nabokommunar. Samstundes er det også innpendling frå Bergen og andre nabokommunar. I 2018 var det t.d. 1365 personar som pendla frå Osterøy til

³ SSB 2030, tabell 10309.

Bergen og 320 som pendla frå Bergen til Osterøy. I alt pendla rundt 37 prosent av arbeidsstokken ut av kommunen ved utgangen av 2018.

Grafen i figur 4 viser næringsstrukturen i Osterøy kommune ved inngangen til 2010, 2015 og 2020. Grafen viser tal einingar innan kvar næringsgruppe.



Figur 4 Næringsstruktur Osterøy 2010, 2015 og 2020. . Grafen viser tak einingar innan kvar næring. Kjelde: SSB

Få kompetansearbeidsplassar

Næringsstrukturen på Osterøy er på mange måtar typisk for distriktskommunar og dette speglar seg i utdanningsnivå og type kompetanse som finst. Osterøy har få arbeidsplassar som krev høgare utdanning eller særskilt kompetanse. Dette speglar seg att i at Osterøy har eit lågt utdanningsnivå jamført med nabokommunane . Arbeidsmarknaden i kommunen er, truleg som følgje av næringsstrukturen, sterkt kjønnsdelt. Tal frå SSB for Osterøy syner at kvinner arbeidar i sals- og serviceyrke og i såkalla «akademiske yrke» (yrke som krev høgare utdanning), og menn arbeidar i handverksyrke, bygg og anlegg, og i «industriyrke».

Kommuneplanens samfunnsdel må reflektere dette og setje inn tiltak der kommunen har makt til å påverke situasjonen.

Folkehelse og velferd

Kort fortalt

I Osterøy er det:

- Lite meldt vald
- Få med psykiske lidinger
- Få låginntektshushald jamført med landsnittet
- Låg del barn av einslege forsørgjarar
- Få som bur trangt

Men også:

- Ein låg del unge som er nøgd med helsa jamført med fylket og landet
- Ein låg del unge som er nøgde med kollektivtransporttilbodet jamført med fylket og landet
- Ein låg del unge som er nøgd med lokalmiljøet jamført med fylket og landet
- Ein låg del unge som synest at det i kommunen er eit bra tilbod av møtestadar
- Ein stor del overvektige 17 år med fedme jamført med fylket og landet
- Ein synkande del 10.klassingar som trivst på skulen. Lågare del i Osterøy enn i fylket og landet
- Meir fråfall i vidaregåande skule jamført med fylket og landet

Folkehelse

Med utgangspunkt i Vestland fylkeskommune sin folkehelseoversikt, kan vi minne om at:

- Folkehelse er førebyggjande helsearbeid og velferdsarbeid
- Folkehelse handlar om gode livsvilkår for innbyggjarane
- Fleire eldre og færre yngre gir utfordringar for Osterøy kommune
- Trygge nærmiljø og gode lokalsamfunn er viktig for helsa
- Klima- og miljøendringar er ein trussel mot folkehelsa

Folkehelse og velferd heng saman på fleire måtar, til dømes gjennom at god helse som regel også gir gode levekår og god velferd – og omvendt; har ein god tilgang på faktorar som medverkar til gode levekår så har ein som regel god helse også . I eit vidare perspektiv er både folkehelse og velferd knytt opp mot sosial berekraft som ein viktig del av ein berekraftig utvikling.

Folkehelse er eit tema det er viktig å ta med seg i all verksemd og planlegging. Eit trygt samfunn, mangfald og inkludering og tilrettelegging for gode livsvilkår som gjev god folkehelse er viktige tema for planarbeidet.

Generelt har Osterøy kommune ein del faktorar som kan gjere at ein er meir sårbar for negativ folkehelseutvikling enn andre kommunar i Hordaland. Desse faktorane er; høgare tal innbyggjarar med grunnskule som høgste fullførte utdanningsnivå, høgare del av befolkning med låg inntekt, demografiske utfordringar, tal røykarar, lesedugleik, mobbing i skulen og samferdsel. Det er også slik at unge i kommunen er lite nøgde med eigen helse, med lokalmiljøet og at det er for få møtestader. Dette er lite ønska tilhøve som kommunen har eit ansvar i å kome i møte med gode tiltak.

Osterøy har og mange faktorar som er positive i ei folkehelseutvikling; Nedgang i tal arbeidslause, god psykisk helse blant innbyggjarane, lite vald, eit rikt organisasjonsliv, flott natur og god luftkvalitet og få åleinebuande.

Livsstilssjukdomar

Dei mest markerte utfordringane for helsa til innbyggjarane i Osterøy kommune er:


- Muskel- og skjelettsjukdomar
- Overvekt
- Kols
- Aukande bruk av hjerte – kar medisin og kolesterolsenkande midlar
- Aukande tal personar med psykiske vanskar

Alle desse fell inn i kategorien livsstilssjukdomar. Dei er eit resultat av korleis innbyggjarane på Osterøy vel å leva liva sine. Det som er positivt med desse problemstillingane er at det i stor grad kan gjerast noko med gjennom målretta førebygging og planlegging.

Mange av desse faktorane kan gjerast noko med gjennom fysisk aktivitet. Det er grunn til å tru at innbyggjarane på Osterøy til liks med resten av landet er i for lite fysisk aktivitet. Dette til tross for at 76 prosent av dei minst aktive seier dei ynskjer å drive meir regelmessig fysisk aktivitet, men slit med å omsetje desse ønska til jamlege kvardagsaktivitetar (Kjelde: SSB). Der er ikkje tilgjengeleg statistikk for Osterøy kommune. Ein føresetnad for aktivitet er tilgang til arenaer for aktivitetar. I eit folkehelseperspektiv er det viktig å få flest mogleg i aktivitet både sosialt og fysisk. Arenaer kan vere i form av idrettsanlegg og tilrettelegging for turområde, og det er viktig at desse fangar opp både organisert og uorganisert aktivitet.

Ungdom og trivsel

Funn frå Ungdata (2016-2018) syner at Osterøy har ein lågare del ungdomsskuleelevar som er nøgde med lokalmiljøet sitt enn i fylket og landet sett under eitt. Dette gjeld både lokalmiljø og møtestader (sjå figur 5). Dette er svært uheldig både i eit folkehelseperspektiv, velferdsperspektiv og med omsyn til bulysta til dei unge.



Figur 5 Del ungdomsskuleelevar som er nøgde med lokalmiljøet, og del som synest at det i kommunen er eit bra tilbod av lokalitetar der dei kan treffe unge (Kjelde: Ungdata 2016-2018/Kommuneprofil folkehelse)

Trivsel er viktig både i eit folkehelse- og eit velferdsperspektiv. Osterøy kommune har ei stor utfordring med omsyn til å leggje til rette for at dei unge skal trivast i kommunen. Dette er viktig både av di det er eit mål i seg sjølv, men òg av di det kan bli sett på som ei investering i komande busette i kommunen. I dag er det slik at mange unge ikkje vender attende til Osterøy etter ferdig utdanning utanfor kommunen.

Kommunedelplan for oppvekst peikar på fleire faktorar som medverkar til at mange unge i kommunen ikkje trivest; lange avstandar, få fysiske møtestader og dårleg tilrettelagt kollektivtrafikktilbod. Osterøy kommune er blant dei kommunane i landet som brukar minst offentlege ressursar på kultur, og at kultur ikkje står fram som eit eige tenesteområde i den kommunale forvaltninga. Planen peikar på at det er eit stort behov for å etablera ei kommunal storstove for kultur- og fritidsarrangement i kommunen.

Utbyggingsbehov

Kort fortald

- Frå 2015 til 2019 (3.kv.) vart det starta opp bygging av i alt 88 bustadeiningar, av dette var det 60 einebustadar (Kjelde TAB 5940 SSB)
- Grunna ein venta svakare folketilvekst framover mot 2040 vil det bli mindre bustadbehov enn kva førre planstrategi la opp til
- Det vil vere færre hushald med foreldre og barn og fleire med par utan barn og åleinebuande i tida fram mot 2040 enn i perioden fram til i dag
- Gjeldande KPA har sett av alt 612 daa til næring, men i alt 769 daa er regulert til næringsareal

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) vart rullert med tema bustad, næring og fritidsbustad i 2011, samt gjort nokre justeringar i plankartet i 2018 i samband med arbeidet med kommunedelplan for sjø- og strandsona. KPA skal etter planen rullerast på nytt hausten 2020. Det vart i 2011 sett av 595 daa til bustad (herav 380 nye daa), 188 daa til fritidsbustad og 612 daa til næring. Med moderat vekst har Osterøy nok areal til bustad utover planperioden. Mange område vert regulert med private reguleringsplanar.

Tettstadsutvikling og lokalisering av tenester, handel og sørvis

Kommunen har eit spreidd busettingsmønster med fire områdesenter og fleire bygder. For å fremje ei positiv utvikling er det viktig med funksjonelle og vitale tettstadar. Kommunesenteret Lonevåg er det naturlege handelssentrumet i kommunen med relativt godt utval av butikkar, samt kommuneadministrasjon og andre offentlege og private tenester. I Lonevåg er det etterkvart press på bustadbygging og utvidingsareal for butikkar. Områderegeringsplan for Lonevåg er under arbeid, og vil leggje til rette for ei framtidsretta utvikling av kommunesenteret.

Bustadbehov

Ved vedtak av gjeldande KPA var det omlag **1117** daa ledig bustadareal i kommunen. Det var på dette tidspunktet **349** ledig bustadtomter, dette talet er i dag redusert grunna bustadbygging i perioden fram til i dag. Dette utgjorde då ein ledig kapasitet for 30 år. Med eit anslag på omtrent 60 einingar i

året så vil omtrent 1000 daa bustadareal sikre kapasitet i over 16 år i tillegg til eksisterande ledige bustadtomter.

Det er venta redusert folketilvekst framover mot 2040, og det er venta færre barnefamiliar og fleire eldre. Dette tilseier meir vekt på andre buformer enn einebustadar, og meir vekt på fortetting. Kommunen vil etter dette ha tilstrekkeleg med ledig bustadareal i eksisterande reguleringsplanar, både i komande planperioden og fram mot 2040.

Framskrivninga av bustadbehovet i Osterøy i førre planstrategi syner ein stor venta etterspørsel etter einebustader, noko som verken er i tråd med venta folketalsutvikling eller ei målsetting om auka fortetting. Denne planstrategien legg til grunn eit trendsifte i planlegginga med auka krav til fortetting, samstundes som bustadbehovet ikkje vert så stort som antatt grunna lågare bustadbehov som følgje av redusert folketalsutvikling. Ein kan ikkje vente at storparten av nybygde bustader i framtida vil kome som einebustader. I staden må ein større del av denne bustadmassen bli erstatta av meir konsentrerte bustadformer, fortrinnsvis bustadblokker og rekkehus. Storparten av bustadbygginga vil og kome i felt, og då i første rekke i tilknytning til eller nær eksisterande sentra.

Det er her viktig streka under å skiljet mellom bustadbehov og *etterspurnad* etter bustadar.

Attraktiv bustadkommune

Det er viktig at Osterøy står fram som ein attraktiv kommune å bu i for dei som bur her i dag, og for å busetje seg i for dei som ikkje bur her i dag. Dette er viktig både for å halde på dei som i dag bur her, for å få utflyttarar til å vende heim att, og for å få nye innbyggjarar.

Ein attraktiv bustadkommune må mellom anna kunne tilby bustadar som er «konkurransedyktige» i høve til kva andre kommunar i regionen kan by på, både med omsyn til lokalisering, pris og kvalitet. Osterøy kommune inngår i ein sams bu- og arbeidsmarknadsregion med Bergen. Kommunen må dra fordel av det ved å kunne tilby bukvalitetar som Bergen eller andre kommunar i regionen ikkje kan by på – til ein pris folk er viljuge til å betale. Samstundes er det viktig å peike på at bustadbygginga framover må leggje meir vekt på feltutbygging i og nær eksisterande tettstader enn tilrettelegging av frittliggjande einebustadar. Bustadbygging vil framover, i Osterøy som i andre kommunar, skje innanfor rammene av vedtekne berekraftsmål.

Samfunnsdelen må vise korleis kommunen vil leggje til rette for at Osterøy skal stå fram som ein attraktiv bustadkommune i konkurranse med andre kommunar i regionen. Dette kan kome som ein strategi for bustadattraktivitet og vil gi føringar for arealbruk og utbyggingsmønster og vil inngå i kommunal arealstrategi (som gir føringar for KPA).

Næringsareal

Dei fleste større næringsareala omtalt i førre planstrategi er under utvikling eller ferdigstilte. Det vil såleis vere ein del tilgjengeleg næringsareal framover. Fleire av desse næringsområda ligg i område utan god infrastruktur.

Utfordringar

Gjennomgangen av sentrale utviklingstrekk syner at kommunen står ovanfor utfordringar særleg med tanke på folketalsutvikling- og samansetning, og attraktivitet for folk og næringar. I tillegg står kommunen ovanfor utfordringar med omsyn til kommuneøkonomien. Dette avgrensar handlingsrommet kommunen har med tanke på utviklingsarbeid, men den viktige funksjonen kommunen har med tanke på tenesteyting og til å gje økonomisk stønad. Sist, men ikkje minst står Osterøy – som alle andre norske kommunar – ovanfor utfordringar knytt til miljø- og klimatiltak.

Kommunal økonomi

Osterøy kommune står i dag ovanfor ein vesentleg utfordring knytt til kommunen si dårlege økonomiske situasjon. Nokre årsaker er sjølvvalde, medan andre er ikkje sjølvvalde. Det er grunn til å tru at omstende knytt til Korona-epidemien som i skrivande stund rammar verda og landet, óg vil verke negativt inn på den økonomiske situasjon for kommunen. Osterøy kommune manglar inntekter for å kunne dekkje utgifter kommunen har. Det er fleire årsaker til at situasjonen er slik; reduserte overføringar frå inntektssystemet og for lite skatteinnkome frå innbyggjarar og næringsliv er nokre årsaker. For kommunar som ikkje er kraftkommunar og har store konsesjonsinntekter, utgjer inntektsskatt og skatt frå verksemder den viktigaste inntektskjelda. Gjennom å arbeide for tilflytting og næringsetablering kan kommunen både få meir skatteinntekter og større etterspurnad etter lokale varer og tenester. Vekst i innbyggartal fører ofte til vekst i næringsetablering, og vekst i tal verksemder kan føre til tilflytting og vekst i folketal. Dette vil ikkje skje om kommunen ikkje maktar å utvikle attraktive tettstader, gode bustadmiljø og ikkje minst kan skilte med gode og attraktive tilbod for barn og unge. Ein god og sunn kommuneøkonomi er med andre ord knytt til så vel tilflytting, vekst i næringslivet, attraktive tettstadar, gode bumiljø og gode fritidstilbod til dei unge.

Attraktivitetsutfordringar

Osterøy må bli meir attraktiv for både næringsliv og folk. Dette handlar ikkje berre om å vere attraktiv for næring og busetnad, men óg om å gjere Osterøy kjend som ein god stad å bu og til å drive næring i. Med andre ord har vi ein utfordring i å gjere med omdømebygging og gjere kommunen meir attraktiv som bustadkommune, som arbeidskommune og som besøkskommune. Ei særskilt viktig oppgåve for kommunen vil vere å halde på ungdommen og leggje til rette for at dei vender attende til kommunen etter ferdig utdanning. Ei annan viktig oppgåve vil vere å sikre eit allsidig og berekraftig næringsliv som både er verdiskapande og som kan tilby eit variert spekter av arbeidsplassar med ulike krav til utdanning og kompetanse.

Demografiske utfordringar

Den demografiske situasjonen utgjer ein alvorleg utfordring for kommunen. Det blir født for få, det er for liten innflytting, det er kvinneunderskot – og færre personar i reproduktiv alder enn godt er, det er færre innbyggjarar under 20 år i dag enn i 2006 (men framleis over landssnittet) og del eldre innbyggjarar vert stadig høgare. Dette er ein lite gunstig situasjon med tanke på eit framtidig berekraftig samfunn. I dag (dvs etter 2015) kan vi ikkje lite på at arbeidsinnvandring og annan innvandring til kommunen sørgjer for folketilvekst; vi er avhengige av «eigenproduksjon» eller å vere så attraktive for tilflytting at folk ønskjer å flytte til kommunen – og då helst tilflyttarar i reproduktiv alder.

Klimautfordringar

Klimaendring og tilpassing til endra klima er kanskje den mest alvorlege utfordringa kommunen står overfor, og som vil prege og setje rammer for samfunnsutviklinga framover. Endringar i klimaet vil føre til ein større risiko for uønska hendingar, i hovudsak knytt til skred, flaum og auka havnivå.

Kommunen må i si planlegging ta høgde for desse endringane og planleggje for å minimera skade på miljø, materiell og liv og helse

Status for planarbeid frå førre planstrategiperiode per mars 2020

Kort omtale av planstatus

Av i alt 28 planar som i følgje Planstrategien for 2016-2020 anten skulle vere vedtekne eller igangsette, er fem vedtekne per 1.mars 2020. Dette gjeld både kommunedelplanar, tema-/sektorplanar og verksemdsplanar. Det er med andre ord eit stort etterslep i planproduksjonen, noko som utgjer ein lite gunstig situasjon med tanke på planproduksjonen for denne valperioden. Det har i tillegg kome framlegg om nye planar for perioden 2020 -2024. Situasjonen er då slik at ein både må prioritere mellom planar omtalt i førre planstrategi ein vel å gå vidare med i denne valperioden, og nye planar ein ønskjer å realisere. Planavdelinga vil prioritere arbeidet med å få i gangsett og gjennomført planar som heng att etter førre valperiode. Det vil då vere viktig med ein grundig gjennomgang av kva for planar ein ønskjer å prioritere i inneverande periode. Planavdelinga har avgrensa gjennomføringskapasitet, og sektorane må sjølve ta hovudansvar ansvar for gjennomføring av sine sektorplanar og forvaltningsplanar.

Kommuneplanens samfunnsdel skulle etter planen bli vedtatt i september 2020, og kommuneplanens arealdel skal etter planen bli revidert hausten 2020. Grunna Covid-19 viruset er arbeidet med samfunnsdelen utsett vel to månader og vil bli vedteken innan utgangen av 2020, og rulleringa av arealdelen vil vonarleg få oppstart mot slutten av 2020. Bustadsosial handlingsplan er under revisjon og vil bli vedtatt før sommaren 2020, områdereguleringsplan for Lonevåg er ferdig og vil bli vedtatt i 2020, og Kommunal beredskapsplan er under arbeid og vil bli vedtatt i 2020.

Det er per 1.mars meldt inn tre nye planar kommunen må arbeide med; plan for kulturminner, Interkommunal plan for sjøareal, og plan for massehandsaming. I temaplanen for massehandsaming vert det foreslått å inkludere plan for skogsbilveggar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel – under arbeid

Arbeidet med samfunnsplanen vart starta opp i førre valperioden, men vart sett på vent då kommunen vart med i KS-prosjektet «Samfunnsdelen som lokalpolitisk styringsverktøy». Arbeidet med samfunnsplanen starta opp att våren 2020 og vil bli politisk handsama i 2020.

For å handsame utfordringane kommunen vil møte i framtida er det viktig å få på plass eit overordna, tydeleg og styrande verktøy med mål, visjonar og strategiar som viser retning for korleis kommunen skal prioritere tilgjengeleg ressursar på kort- og lang sikt. Kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon skal vurderast. Samfunnsplanen skal ha ein handlingsdel som skal sikre gjennomføring og oppnåing av mål og tiltak. Handlingsdelen skal rullerast årleg (heimel PBL §11-1).

Ved 1.gongs handsaming av kommunal planstrategi for Osterøy 2016-2020 gjorde Heradstyre slikt vedtak:
«Med heimel i plan og bygningslova § 10-1 vedtek Heradsstyret å leggja framlegg til Kommunal planstrategi for Osterøy kommune 2016-2020, dagsett 01.06.2016 ut på høyring og offentleg ettersyn, og med slikt tilleggspunkt til arealstrategiar: Strategi for å sikra vern av jordbruksareal og vern av matjord. Det er ei utfordring i heile Norge at jordbruket byggast ned i stor skala. Det må innarbeidast i arealplanen korleis vi kan ivareta jordbruket.»
 Det vert på bakgrunn av siste del av vedtaket viktig å ta med seg i pågåande arbeid med ny Samfunnsplan vern av landbruksareal og utarbeide strategi for å nå målsettinga. Arealstrategiane skal arbeidast med i samband med pågåande Samfunnsplan for kommunen men punktet er også viktig å ta med seg inn i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel (KPA). Punktet vil òg omfatte Kommuneplanen sin arealdel.

KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR OSTERØY KOMMUNE 2021 – 2024

Tabell 3 viser status for planar omtalt i Planstrategi 2016-2020. Planar merka med hermeteikn under «Merknad» viser til merknader i førre planstrategi.

Tabell 3 Oppdatert status for planar omtalt i Planstrategi 2016-2020

Plan	Plantype	Ansvar	Merknad	Status per 1.3.20
Områderuleringsplan for Valestrand	Reguleringsplan	PLAN		Vedtatt 2017
Kommunedelplan for sjø- og strandsona	Kommunedelplan	PLAN		Vedtatt 2018
Kommunedelplan for oppvekst	Kommunedelplan	Oppv.		Vedtatt 2019
Områderuleringsplan for Lonevåg	Reguleringsplan	PLAN	Skal vedtakast i 2020	Til politisk handsaming
Kommuneplanens samfunnsdel	Kommuneplan	PLAN	Skal vedtakast i 2020	Under arbeid.
Kommuneplanens arealdel	Kommuneplan	PLAN	Rullering i 2020/2021	Ikkje vedtatt.
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	Kommunedelplan	KULTUR		Ikkje vedtatt
Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial	Kommunedelplan	HOS		Ikkje vedtatt
Kommunedelplan for klima og energi	Kommunedelplan	PLAN		Ikkje vedtatt
Kommunedelplan for avløp	Temaplan	TD		Ikkje vedtatt
Temaplan for trafiksikring i Osterøy kommune 2016-2020	Temaplan	PLAN ?	Bør bli revidert.	Vedtatt 2016
Kommunal beredskapsplan, inkludert KommuneROS	Temaplan	Rådmann	Under arbeid.	Vedtatt 2019
Bustadsosial handlingsplan	Temaplan	HOS	Under arbeid. Vil bli vedtatt i 2020	Ikkje vedtatt
Temaplan for psykisk helse og rus med handlingsplan	Temaplan	HOS	Inkl. Alkoholpolitisk handlingsplan	?
Temaplan for demens	Temaplan	HOS		?
Temaplan for habilitering og rehabilitering	Temaplan	HOS?	Revisjon i hht. førre PS	?
Temaplan for integrering	Temaplan		«Avventar KPS»	?
Temaplan mot vald	Temaplan		«Ny under arbeid»	?
Områderuleringsplan for Haus	Reguleringsplan	PLAN	Ikkje igangsett.	
Forvaltningsplan for hjort for Osterøy kommune 2017-2021	Forvaltningsplan	Landbruk		Vedtatt 2017
Smittvernplan		HOS	«Revisjon»	2013
Organisasjonsplan		?	«Revisjon»	?
Arkivplan		Arkiv	«Revisjon»?	?
Frivillighetsstrategi		?		2019
Strategiplan for SMIL		?	«Revisjon»	?
Vedlikehald kommunale bygg	Driftsplan	TF	Årleg revisjon	
Vedlikehald kommunale vegar	Driftsplan	TD	Årleg revisjon	
Kommunal vegnorm		TD	«Under arbeid»	

Kommuneplanen sin arealdel – Rullering haust 2020

Gjeldande kommuneplan vart vedteken i 2011 med temarullering for bustad, fritidsbustad og næring. Sidan det er meir enn fire år sida vedtak av planen inneber det at Heradsstyret ikkje kan delegere vedtak av detaljreguleringar lengre, men sjølv må gjere endeleg vedtak. Ved vedtak i 2011 var der ein del teknisk feil i plankartet. I samband med prosess for Sjø- og strandsoneplanen vert dette retta opp. Dette vert gjort ved å køyre ein enkel prosess for kommuneplanen sin arealdel for retting av feil samt at heile plankartet og føresegn vert vedtekne både for Sjø- og strandsoneplanen og for kommuneplanen sin arealdel. På denne måten unngår ein å måtte sakshandsame plan og byggesaker med to sett plankart og føresegn.

Der har vore eit sterkt ønske politisk for å finne ei løysing i høve til dispensasjonar på fråskilde eigedomar i område sett av til LNF (landbruk). Dette kan vere mindre endringar som søknad om fasadeendring og liknande eller større inngrep som oppføring av til dømes garasje. For å kunne opne for dette i kommuneplanen sin arealdel (KPA) krev plan- og bygningslova at det vert sett av føremål (td. LNF-spreitt) med tilhøyrande føresegn som opnar for desse tiltaka. Ei justering av KPA for å løyse dette vil krevje same prosess som for avsetting av andre typar byggeføremål. Dette vil innebere kartlegging og gjennomgang av område med fråskilde eigedomar i område sett av til LNF og med tilhøyrande KU-vurdering og ROS.

Rådmannen vurderer at dette ikkje er rett ressursbruk for denne perioden og at det ikkje bør vere ei prioritert oppgåve. Det er viktig å få på plass innleiande kartleggingar og kunnskapsgrunnlag for å kunne fastsette hovudgrep for infrastruktur og arealbruk fram til rullering av KPA. I første rekkje må ein få på plass samfunnsdelen med tilhøyrande arealstrategiar og gjennomføre overordna risiko- og sårbaranalyse som vil vere førande for arbeidet med rullering av KPA. Etter det ser ein for seg at planar for overordna infrastruktur som transportplan og avløpsplan samt ein temaplan / forstudie for bruk og handsaming av massar er nyttig kunnskap å få på plass i forkant av rullering av KPA. Ein masseplan kan verte viktig i høve til mellom anna K5 prosjektet med ny E16 og toglinje for å kunne sette av areal som kan ta i mot og nytta massane til nytt byggeland eller landbruksareal.

Kommunedelplan for sjø- og strandsona - Vedtatt

Kommunedelplan for sjø- og strandsona vart vedtatt 21.februar 2018.

Kommunedelplan for oppvekst - Vedtatt

Kommunedelplan for oppvekst vart vedteken av heradsstyret 25.september 2019.

Kommunedelplan for avløp – Ikkje vedtatt

Kommunedelplan for avløp vart i førre planstrategi sagt å vere ei prioritert oppgåve i perioden. Det var eit stort behov for å få fastlagt trasé og fastsette hovudgrep for å kunne gå vidare i arbeidet med utbetring av avløpssystemet til kommunen. Det vart sagt det skulle gjerast ei hensiktsmessig justering av delar av kommunedelplan for vassforsyning i samband med planarbeidet. Grunna kapasitetsutfordringar har arbeidet med planen blitt satt på vent. Arbeidet skal etter planen ta til i 2021 eller 2022.

Administrasjonen rår til kommunedelplan for avløp blir prioritert denne valperioden med oppstart anten i 2021 eller 2022.

Kommunedelplan for transport – utgår

Ein overordna transportplan der ein får fastsett hovudgrep for infrastruktur knytt til transport i kommunen vart i planstrategien for 2016 - 2020 vurdert som eit viktig forarbeid og kunnskapsgrunnlag til rullering av kommuneplanen sin arealdel. Sidan dette planarbeidet ikkje har blitt satt i gang vil dette argumentet falle bort sidan planen ikkje vil bli ferdig til venta rullering av KPA hausten 2020.

Administrasjonen rår til å ikkje prioritere Kommunedelplan transport denne perioden.

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet – Ikkje vedtatt

For å søkje idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og spelemidlar er det krav til at anlegget/tiltaket er ein del av ein kommuneplan. Handlingsprogrammet må rullerast kvart år for å utløyse midlar.

I førre planstrategi kan ein lese følgjande: «Ein vurderer å utvide område for planen til å inkludere eit breiare felt som kan likestille fleire sosiale arenaer som er med på å bygge opp under betre folkehelse og som synleggjer heilskapen innafor området. Til dømes kan det vere kommunedelplan for kultur, friluftsliv og fysisk aktivitet. Viktige område som bør sjåast i samanheng for å sikre styrt fordeling av ressursar bør innarbeidast i ein felles plan. Aktuelle område vil kunne vere bibliotek, museum, nettverk og opparbeiding av rekreasjonsområde, idrett, kulturskule mm. Ein vil drøfte dette vidare ved oppstart av planarbeidet.» Dette kan vere eit viktig poeng med tanke på førebyggjande folkehelsearbeid. Ein kommunedelplan for kultur, friluftsliv og fysisk aktivitet kan leggje grunnlag for betre folkehelse i kommunen. På den annan side vil ein risikere å få ein plan der «alt skal med» og såleis kan bli ein plan utan fokus.

Heradsstyret vedtok "Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og naturopplevingar 2004 2015" den 17.12.2003. I 2012 (?) vart det gjort ei revidering av planen med forlenging av planperioden framtil 2019.

Administrasjonen rår til å ikkje prioritere Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet denne perioden. Administrasjonen rår likevel til at handlingsprogrammet vert rullert med tanke på utløysing av midlar.

Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial - Revisjon

Planen vart vedteken i 2013 og er vurdert som eit godt verkty. Ein vurderte i førre planstrategi med at det ikkje er behov for rullering av HOS-planen før Samfunnsplanen er ferdig. Samfunnsplanen vert truleg vedtatt hausten 2020. Det vil si at KPD helse, omsorg og sosial kan reviderast i denne planperioden.

Innafor området til HOS-planen er der behov for rullering og utarbeiding av nokre temaplanar som til dømes plan for habilitering og rehabilitering og bustadsosial handlingsplan. Ruspolitisk handlingsplan hadde oppstart i 2015. Ein har i arbeidsgruppa (politisk og administrativ) drøfta å slå saman Temaplan for psykisk helse og rus med Ruspolitisk handlingsplan. Dette er vurdert som hensiktsmessig ettersom dei to planane overlappar kvarandre. Ved å samle områda i ein plan kan ein få ein meir tverrfagleg temaplan som ser problemstillingar og utfordringar i heilskap og samanheng. Ein vil i perioden prioritere dette arbeidet.

Administrasjonen rår til at Kommunedelplan helse, omsorg og sosial vert revidert.

Kommunedelplan for klima og energi – Revisjon

Planen vart vedteken i 2011 og er vurdert som ein god plan. Planen er likevel utdatert på fleire område og utgjer såleis ikkje ein fullgod operativ plan. I Statlege retningsliner for klima- og energiplanlegging og energitilpassing heiter at «*Planer som behandlar klima- og energispørsmål skal vurderes revidert minst hvert fjerde år, jf. bestemmelsene om revisjon av kommunale og regionale planstrategier.*»

Det heiter vidare at kommunane i sin overordna planlegging skal «*innarbeide tiltak og virkemidler for å redusere utslipp av klimagasser, der det også tas hensyn til effektiv ressursbruk for samfunnet. Dette bør inkludere tiltak mot avskoging, og eventuelt økt opptak av CO₂ i skog og andre landarealer, og vidare sikre mer effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging i tråd med disse retningslinjene.*» Og at «*Planer som behandlar klima- og energispørsmål skal følges opp gjennom handlingsdelen og mer detaljerte planlegging, og legges til grunn og gi føringer for kommunenes øvrige myndighets- og virksomhetsutøvelse.*»

Det er viktig at kommunen har ein mest mogleg oppjustert klima- og energiplan med konkrete tiltak retta inn mot klimatilpassing. Ein slik revidert plan kan med fordel inngå i kommuneplanens samfunnsdel då han med det også er sikra den naudsynte politiske tyngde og merksemd. Dette er det diverre ikkje realistisk å få til i denne perioden, noko som krev at eksisterande plan må reviderast. Ein slik revisjon må ta omsyn til Statlege retningsliner, og vidare sørge for at målsettingar vert konkrete og realistiske som kan etterprøvast med omsyn til måloppnåing.

Administrasjonen rår til at gjeldande klima- og energiplan vert revidert i samsvar med Statlege retningsliner for klima- og energiplanlegging og energitilpassing.

Nye planar

Plan for kulturminne

Det er behov for plan for kulturminne. Kulturminne er ein ressurs her og no, men også ein ressurs me forvaltar på vegner av dei som kjem etter oss. Både det offentlege og innbyggjarane i kommunen har eit ansvar for å ta vare på kulturarven på ein god måte. Men ikkje alle spor etter fortida kan takast vare på, og det er viktig at vurderingar rundt kva som skal prioriterast vert gjort på fagleg grunnlag. Både nasjonale og internasjonale avtaleverk forpliktar oss til å ta vare på viktige kulturminne, både materielle og immaterielle.

Kulturminneplanen blir utarbeida som kommunedelplan.

Eit viktig føremål med kulturminneplanen vil vere å få kartfestaste kulturminne og få dei innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel med generelle føresegnar jf. plan og bygningslova (pbl) §11-9, arealføremål jf. pbl §11-7, omsynssoner med retningsliner og føresegn jf. pbl §11-8. Sidan kulturminneplanen ikkje vert ferdig før rulleringa av kommuneplanen sin arealdel, kan dette heilt eller delvis bli gjort i samband med høyring og offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel.

Administrasjonen rår til at det vert utarbeidd kommunedelplan for kulturminne med handlingsplan, og at registrerte faste kulturminne vert innarbeidd i KPA ved første rullering.

Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Kommunedelplan

Regionrådet for Nordhordland ønskjer at det skal utarbeidast ein heilskapleg plan for sjøareal. Dette vert grunngeve med at det er mange kryssande interesser i sjø – som friluftsliv, næringsaktivitet, samferdsel, og forvaltning av villaks og sjøaure. I første omgang skal det utarbeidast ein prosjektplan (forprosjekt) for det interkommunale arbeidet med plan for sjøareal. Det vart nedsett i arbeidsgruppe i Rådmannsutvalet på møte 21.februar 2020 som skal arbeide med prosjektplan. Arbeidet hadde oppstart 2. mars 2020. Rådmann og plansjef i Osterøy kommune inngår i arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa gjekk inn for at planen får status som kommunedelplan i dei respektive samarbeidskommunane.

Administrasjonen rår til at planen vert prioritert i valperioden.

Plan for massehandsaming

Det eksisterer i dag ein silingsrapport for egna stader i kommunen for massedeponi. Denne rapporten var i si tid meint som utgangspunkt for å inkluderast i KPA ved første rullering. Administrasjonen meiner dette er ein god idé sidan ein kan byggje på silingsrapporten. Det viktigaste i dette arbeidet vil vere å kartfeste (i arealplankartet), gje dei naudsynte føresegner, samt prioritering av område for massedeponi.

Administrasjonen rår til at plan for lokalisering og omfang av massedeponi vert innarbeid i KPA ved førstkomande rullering

Innspelsrunde etter politisk handsaming i heradsstyret

Heradsstyrevedtak 17.juni 2020:

"Med heimel i plan og bygningslova § 10-1 vert Kommunal planstrategi for Osterøy kommune 2020-2024, dagsett 20.05.20, med følgjande slik endring: Tabell 4, 5 og 6 (side 29 og 30) i dokumentet vert oppdatert med ei kolonne som skildrar kva sektor planen høyrer til, vert vedteken som styrande verktøy av ressursar for perioden 2020-2024. Framlegget til planstrategi vert lagt på høyring før endeleg vedtak i heradsstyret, jfr. pbl. § 10-1."

Vedtaket i heradsstyret 17.06.2020 er teke til følge. Ein gjer merksam på at det er sett inn ein ny tabell 4 slik at vedtaket i HS siktar til tabellane 5, 6 og 7 i denne utgåva av planstrategien.

Planstrategien vart i september 2020 sendt ut til statlege og regionale organ, og til nabokommunar for merknader. Det kom også innspel frå sektorar og einskildpersonar i Osterøy kommune. Det vert synt til merknadslista for oversyn over innspel og kommunen sine merknader til desse. Planer som er tekne inn etter innhenting av synspunkt frå statlege og regionale organ, og frå Osterøy kommune er viste i tabell 4. Det er óg lagt inn to kommunale reguleringsplanar (Haus og Hauge).

Tabell 4 Planar tekne i planstrategien etter høyring

NYE PLANAR I PLANSTRATEGIEN	Merknader
Legeplan	Framlegg frå HOS. Temaplan.
Temaplan for psykisk helse og rus	Framlegg frå HOS. Temaplan.
Pandemiplan	Framlegg frå HOS. Temaplan.
Temaplan for barnehage	Framlegg frå Oppvekst. Temaplan.
Temaplan for ferdelsårer i kommunen	Framlegg frå Vestland fylkeskommune. Temaplan.
Reguleringsplan Haus sentrum	Oppføring av bustader.
Reguleringsplan Hauge	Bu- og avlastningstenester (BUA).

Prioriterte planoppgåver 2021-2024

Kommuneplanar

Prioriterte kommuneplanar for valperioden er vist i tabell 4. Totalt er det 10 planer. Den mest ressurskrevjande arbeidet vil bli revidering av kommuneplanen sin arealdel. Dette arbeidet skal starte opp ved årsskiftet 2020-2021 og er venta å ta minimum to år fram mot vedtak.

Kommunedelplan for kulturminne, og kommunedelplan Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland er nye planar. Kulturminneplanen er omgjort frå temaplan til kommunedelplan.

Nasjonale og internasjonale avtaleverk forpliktar oss til å ta vare på viktige kulturminne, både materielle og immaterielle. Kommunedelplan for kulturminne er av den grunn prioritert i komande valperiode. Planen vart påbegynt i 2016, men vart satt på vent grunna kapasitetsvanskar. Det er og gjeve økonomisk stønad frå fylkeskommunen til dette arbeidet. Utarbeiding av kulturminneplanen vil skje i samarbeid med kulturavdelinga. Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland som starta opp i 2020 har også fått økonomisk stønad frå fylkeskommunen. Osterøy kommune har i 2020 medverka i planarbeidet.

Tabell 5 Prioriterte kommuneplanoppgåver for perioden 2020 – 2024

Prioritet	KOMMUNEPLANAR							
	Plan	Merknad	Ansvar	2020	2021	2022	2023	2024
HØG	Kommuneplanen sin samfunnsdel KPS	I prosess.	PLAN					
HØG	Kommuneplanen sin arealdel KPA	Rullering. Venta vedtatt innan V23	PLAN					
HØG	KPD Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland	Ny. Venta vedtatt i 2022.	PLAN					
HØG	KDP Helse, omsorg og sosial	Revidering	HOS					
HØG	KDP Kulturminne	Ny	PLAN					
HØG	<i>KDP idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2021 - 2024</i>	Revisjon i 2021	KULTUR					
HØG	KDP Avløp 2022- 2032	Skal bli vedtatt i 2022	VA					
HØG	KDP Oppvekst 2024-2027	Revisjon i 2023	OPPVEKST					
HØG	KDP Vassforsyning 2024 - 2034	Revisjon i 2023	VA					
MIDDELS	KPD Energi og klima	Revisjon i 2024	PLAN					

Handlingsprogrammet i KDP idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert rullert årleg med tanke på prioritering av spelemidlar. Handlingsprogrammet dannar grunnlaget for tildeling av offentlege spelemidlar. Det er eit krav frå fylket om at kommunedelplan skal vere gyldig, og at handlingsprogrammet er rullert, for å bli tildelt spelemidlar. *KPD idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2008-2019* må av den grunn forlengast til å gjelde ut 2021. Kommunedelplanen skal også rullerast i 2021.

Som omtalt ovanfor så vart arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel satt på vent som følgje av at kommunen vart med i KS-prosjektet «Samfunnsdelen som lokalpolitisk styringsverktøy» hausten 2019 og ein ville vente med å handsame planen til nytt heradsstyre var på plass og ein kunne sjå planen i samanheng med arbeidet i prosjektet. Samfunnsdelen inngår i KS-prosjektet «Samfunnsdelen som lokalpolitisk styringsverktøy» og den politiske prosessen vil særleg ha fokus på

KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR OSTERØY KOMMUNE 2021 – 2024

koplinga mellom samfunnsdelen og økonomiplanen. Denne koplinga skal resultere i ein handlingsdel med tett kopling til politikarane sine økonomiske prioriteringar i valperioden.

Det vart arbeid med førebuingar kring samfunnsplanen og KS-prosjektet frå tidleg i 2020 og fram til Covid-19 viruset kom og gjorde at arbeidet med planen vart utsett i om lag to månader. Den politiske prosessen stoppa mellom anna mellombels opp som følgje av Covid-19 restriksjonar, men prosessen startar opp att 3. juni 2020 med politisk verkstad (heradsstyret).

Temaplanar

Temaplanar er planar som vert utarbeida i dei ulike sektorane i kommunen, men med planfagleg hjelp frå planavdelinga. Ein temaplan er ikkje regulert av plan- og bygningslova, og vil ha ein enklare tilverknadsprosess. Temaplanar vil vere av ulike kompleksitet og omfang. Nokre planar omfattar område av meir dynamisk karakter enn andre og vil såleis krevje revisjon eller rullering for å tilpasse seg endra situasjonsbilete. Andre planar omfattar område der tilhøva ikkje er så omskiftande og treng såleis ikkje reviderast/rullerast så ofte. For denne valperioden er det i første rekke temaplan for trafikksikring som vil ha høg prioritet. Beredskapsplan/overordna ROS er under arbeid og blir vedteken i 2020.

Tabell 6 Prioriterte temaplanar for perioden 2021-2024

Prioritet	TEMAPLANAR							
	Plan	Merknad	Ansvar	2020	2021	2022	2023	2024
HØG	Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2020-2024	Revisjon i 2020 av handlingsdelen.	PLAN					
HØG	Bustadsosial handlingsplan		NAV/Sos. tenesta					
HØG	Overordna ROS	Revisjon i 2021	Rådmann					
HØG	Metode og aksept-kriteria for ROS-analyse i samband med planarbeid	Siste HS vedtak 2012. Må reviderast i 2021 så snart som mogleg. Skal brukast i KPA.	PLAN					
HØG	Legeplan	Rammeavtale mellom KS og legeforeninga seier at kommunen skal ha ein slik plan.	HOS					
HØG	Barnehageplan	Ny. Strukturplan	OPPVEKST					
MIDDELS	Plan for massehandsaming.	Kan inngå i KPA. Vil bli sett i samanheng med rullering av KPA	TD i samråd med PLAN					
MIDDELS	Temaplan for psykisk helse og rus med handlingsplan	Revisjon 2021	HOS					
LÅG	Strategisk kompetanseplan for sektor Helse, omsorg og sosial	Vedteken i 2014. Må reviderast ved behov, tidlegast 2022	HOS				?	
LÅG	Temaplan for demens	Revisjon ved behov	HOS					
LÅG	Temaplan for habilitering og rehabilitering	Revisjon ved behov	HOS					
LÅG	Temaplan integrering		KULTUR/ OPPVEKST					
LÅG	Temaplan for skogsbilvegar	Jfr med plan for massar	Landbruk					
LÅG	Temaplan mot vald	«Ny – under arbeid»	HOS ?					
LÅG	Friluftslivets ferdselsårer	NY. Innspel frå VLFK	KULTUR/ OPPVEKST					

Godkjend *handlingsplan for trafikkisikring* er eit krav ved tildeling av midlar til trafikkisikringstiltak frå stat og fylkeskommune. Arbeidet med denne har såleis høg prioritet og handlingsplan vil bli vedtatt i 2020.

Overordna *kommune-ROS, saman metode og akseptkriteria for ROS-analyse*, har høg prioritert. Kartlegginga og analysane i kommune-ROS gir grunnlaget for utarbeiding av *beredskapsplanen*. Denne skal reviderast kvart år og har såleis høg prioritet.

Når det gjeld prioritering av planar rår administrasjonen til at dette vert knytt opp til den årlege rulleringa av økonomiplanen. Grunngevinga for dette er at dei folkevalde som regel vil ha uklare føresetnadar for å ta stilling eit samla planbehov for heile kommuneorganisasjonen i starten av valperioden.

Verksemds- og driftsplanar og strategiar

Verksemds- og driftsplanar er planar retta inn mot drift, forvaltning og vedlikehald av kommunen sine verksemdar eller saker som kommunen har forvaltningsansvar for (som hjortevelt). Dette er planar av ulik karakter og omfang der somme krev årleg revisjon, medan andre krev revisjon ved behov – som vedlikehaldsplanar.

Tabell 7 Prioriterte verksemds-/driftsplanar og strategiar

Prioritet	Plan	Andre planar – verksemds- og driftsplanar, mm	
		Ansvar	Merknad
HØG	Smittevernplan	HOS	Revisjon
HØG	Vedlikehaldsplan kommunale bygg	TF	Årleg revisjon
HØG	Vedlikehaldsplan kommunale vegar	TD	Årleg revisjon
LÅG	Forvaltningsplan for hjortevelt	Landbruk	«Ny – under arbeid»
LÅG	Organisasjonsplan	Rådmann	Revisjon ved behov
LÅG	Arkivplan	Arkiv	Revisjon ved behov
LÅG	Kommunal vegnorm	TD	Revisjon ved behov
LÅG	Arbeidsgjeverstrategi	Rådmann	Revisjon ved behov
	Strategiplan for SMIL		
	Strategisk kompetanseplan		

Kommunale reguleringsplanar

Kommunen er hausten 2020 i prosess med å få politisk godkjenning på Områderegulering Lonevåg. Det er ingen andre områdereguleringsplanar som vil bli sett i gang i denne planperioden.

Følgjande detaljreguleringsplanar er anten i prosess eller vil bli igangsett i 2021:

- Detaljreguleringsplan bustader i Haus sentrum. Planarbeidet er starta opp og er i prosess.
- Bu- og avlastingsstenester. Oppstart tidleg i 2021.

Private reguleringsplanar inngår ikkje i planstrategien.

